



[FORSIDE](#) | [NYHEITER](#) | [SELJORD OG SOGENE](#) | [SJØORMEN](#) | [PARKEN](#) | [TURVEGEN](#) | [KIKKESKÅP](#) | [SOGER](#) | [KART](#) | [TURAR](#) | [✉](#)

SOGER

[forside](#) > [Soger](#) > [Gonil Dale](#) > [Artikkel](#)

Guro Heddelid

Kivlemøyane

Gyrgrene i Flatdal og
Sybylla og floibligrja frå
Spå

Sterke-Nils

Hølje Gonge

Gonil Dale

Ståle Åsheim

Vallarhaugen

Olav Mannslagar

Lydopptak fra 1977-81

Gonil Dale

[KART](#)

Halvor J. Sandsdalen skriv: - Den vakraste segni eg har frå Seljordshei er forteljinga om Gonil Dale. Ho vart bergteken ein dag ho gjette i Gåsebrekka, oppfor Fiskhøi. Ho var dotter til Nils Dale. Han fekk prestane i Seljord, Brunkeberg og Kviteseid til å ringje med kyrkjeklokken for om mogeleg få henne fri att. Men det nytta ikkje.

Gonil Dale var forlova med ein som heitte Torhus Garvik, og soga seier at han sylte slik at han vart gåande lauskar til sin døyande dag.

Så hende det 12 år seinare at Hølje Dale, bror åt Gonil, skulle til kyrkje. Men det kom slik ein tung svevn på han oppi Grovestå, og han la seg til å sova. Då han vakna, var han inni berget, og der møtte han Gonil. Han ba ho vera med heimatt til Dale. Men ho svara at det nytta ikkje, for dei underjordiske hadde fått makt over henne. Så sa ho at Hølje ikkje måtte smake på noko slags mat inni fjellet. Han kom inn i ei stor stove, og ein mann kom med ein ølolle og baud drikke. Men Hølje svara at han hadde drukke så mykje vatn at han var utyrst.

Då ba Gonil at han måtte få sleppe heimatt, og tok eit ljós og batt på rova av ei lita bikkje. -Fylg etter henne, du, sa ho. Men Hølje freista endå og ville fá ho til å bli med. Då rekte Gonil opp eit trådnyste fram for han og peika til telkn på at han måtte skunde seg. -Du treng ikkje ha sut for meg, sa ho. -Me trur på den same Guden, me som de. Og nå må du ikkje sjá deg tilbake, og så må du helse til Torhus Garvik og alle kjenningar og seis at eg hev fenge lov til å stige opp på Gangnåsfjellet kvar joleftan for å huge utover Seljordshei, og det skal eg halde på med til den siste av kjenningane mine er døde. Når det store marker hev fare over manneheimen, og det ljósar til ein dag som aller tryt, og de kjem or kyrkjegardane, då stend eg oppatt i Gåsebrekka, der eg kom bort.

Hølje skunda seg i veg, og det bars over endelause sletter. Svevtung og ør var han. Men så stendig den vesle bikkja med ljoset føre seg, og han timja garnystet, som rulla framfor føtene hans. Så såg han det ljosa av dag, og han kjende han vart våt på føtene. Då rådde han liksom med seg, og såg at han stod i Raudbekk på Gjelstadhei. Han hadde gått tvers gjennom Gangnås.

Gonil Dale heldt ord. Kvar joleftan huga ho frå Gangnås, og ætti hennar er framleis på Seljordshei.